

Ulvik Cittaslow



Referat møte Cittaslowrådet 31.05.2022 kl 19.00 – 21.00

Kantina på Sentrumsbygget

Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå kultur: Haugesenteret - Geir Netland (rådsleiar)

Frå oppvekst: Ulvik barnehage – Sonja Haugland

Frå Undervisning: Brakanes skule – Anne Hjelmevoll

Frå frivillige lag og organisasjoner: Ulvik idrettsråd – Hulda R. Thorbjørnsen

Frå Slowfood Hardanger - Jorid Lekve Eide

Forfall:

Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde, Ulvik ungdomsråd - Johanna Hjeltnes og Simen Bakkan, Ulvik næringslag – Anders Kristoffer oppheim, Ulvik bygdekvinnelag – Solgunn Wiik Bjørke, landbruk – Stein Olav Kolås

Saksliste

1. Referat frå førre møte, 5. april

Rerferatet vart godkjent utan merknader.

2. Trafikksikringsplan for Ulvik – høyring og innspel frå Cittaslowrådet

Leiar orienterte kort om planarbeidet. Gjennomgang med innspel på aktuelle tiltak.

Vedtak:

*Leiar får fullmakt til å sende inn ein uttale frå rådet, basert på drøfingar og innspel i møtet.
(Uttalen ligg ved møtereferatet)*

3. Status skilting i sentrum og turløyper

Det er laga ein plan for kvar Cittaslow-skilta skal henge, men dei er ikkje komme på plass enno. Eining for tekniske tenester i heradet skal gjere jobben, i samarbeid med sekretær og leiar.

Det er planlagd å merke to nye turløyper, til Kristinuten og til Midtfjell. Ulvik turlag har ansvar for merkingen. Den vil bli gjort når snøforholda tillet det.

Heradet jobbar med å få opp eit informasjonsskilt ved den gamle gravplassen i Prestagarden, og samarbeidar med Haugesenteret

4. Aktivitetar og arrangement i Ulvik i sommar – vertskapsrolla

5. Oktobertorg-helg, planlegging og organisering

Oktobertorg-helga er 31. september til 2. oktober. Den vert planlagd etter same mal som tidlegare, men endeleg i «fullskala» som i 2019. Involverte partar må koblast på planlegginga so snart som mogleg. Cittaslow må vere meir synleg gjennom helga enn ein har vore tidlegare.

Vedtak:

Sekretær kallar inn til planleggingsmøte med arbeidsgruppe so snart som råd, helst før sommarferien

6. Deltaking på Cittaslow Norden-nettverk i Svendborg, Danmark, 18. – 20. mai

Leiar, nestleiar, sekretær og ordførar deltok på nettverkssamlinga i Svendborg 18. – 20. mai. Svendborg hadde lagt opp eit tett program med omvisingar og besøk på mange lokale bedrifter, med god og utdjupande informasjon.

På nettverksmøtet dag 2 var det sett av tid til presentasjon frå alle deltakarstadane i nettverket, noko som tok lengre tid enn sett av i programmet. Det er likvel ein viktig del av samlinga, og må prioriterast. Kontakten med, og erfaringane frå, dei andre stadane er verdifulle innspel som gjev oss gode idear til kva vi kan gjere lokalt, og ikkje minst inspirasjon i det vidare arbeidet. Programmet neste år må justerast slik at det blir tid til å halde eit formelt møte i nettverket utanom presentasjon frå dei ulike deltakarane. Det vart ikkje tid til gjennomføring av møtet i Svendborg, og dette måtte takast digitalt i etterkant.

Vedtak:

1. *Oppsummeringa frå Nordisk nettverkssamling vart tatt til orientering*
2. *Rådet får ei eiga sak om planlegging av nettverkssamling i Ulvik i 2023 i første møte til hausten*

7. Tidspunkt og planlegging av Nordisk Cittaslow-samling i Ulvik i 2023

Sjå sak 6

8. Nytt frå heradet

Sekretær informerte om følgjande:

- Ulvik har tatt imot 14 flyktningar frå Ukraina. Dei har fått eigen bustad og har kome godt i gang med ein kvardag i bygda gjennom skule og lokale aktivitetar. Heradet har sagt ja til totalt 25 flyktningar og forventar fleire i vekene framover.
- Den politiske arbeidsgruppa som har fått i oppdrag å sjå på utvikling av Skeietomta (Pallefabrikken) er godt i gang med arbeidet, og har engasjert Bruket arkitektur på Voss til å utarbeide skisser med forslag til bruk. So lang ser det ut som det kan bli ein kombinasjon av bustader og offentleg område. Arbeidsgruppa skal legge fram sitt forslag til heradsstyremøtet 26. oktober.
- Heradsstyret skal handsama sak 15. juni om å gå inn i etablering av eit felles bookingsselskap for reiselivet i Hardanger. Det vil bety eit stort løft for verksemndene, som i dag er vanskeleg tilgjengelege for mange individuelle reisande som vil lage sine eigne «pakkar». Ei arbeidsgruppe frå Ulvik, Eidfjord og Fjord Tours group har arbeidd med forretningsplan og konsept i eitt år, og dersom det blir positive politiske vedtak i Ulvik og Eidfjord blir selskapet etablert like over sommaren.
- Ulvik hotel har opna for individuell trafikk, og etablert kinesisk restaurant i lokalata på gateplan der det tidlegare har vore kafe.

9. Open post

Rådsleiar informerte om at Prestagarden i Ulvik kjem for sal. Opplysningsvesenets fond, som forvaltar desse eigedomane, har signalisert at dei gjerne ser eit lokalt initiativ som gjer at denne kulturhistorisk viktige eigedomen kan nyttast til felles føremål for bygda. Rådsleiar følgjer opp saka overfor Opplysningsvesenets fond.

Neste møte blir 30. august kl 19. Det er sendt ut kalenderinnkalling.

Referent:

Mona H Hellesnes

Sekretær Cittaslowrådet